

## NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 70

Fylke: Rogaland

Tilleggsspørsmål nr.

Herad: Utsira

Emne: Frå robåt og segl  
til motor.

Bygdelag:

Oppskr. av: Thoralf Kvalvik

Gard: Kvalvik

(adresse): Utsira

G.nr. 31 Br.nr. 11

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

Eiga røynsle, med hjelp av Hersleb Helgesen sen.f.sept.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke): 1889.

## SVAR

För det vart byggd hammer, kunne ein ikkje ha større båtar enn det ein med menneskjemakt makta å få på land då uver og sumt anna gjorde det naudsynt. Ein vanleg færing pålag seksten sytten fot, var det og er vanleg at to mann dreg på land, men større båtar - ein "garnbåt" t.d. pålag tjue fot, eller ein "notbåt" pålag tretti og meir, då er det vanleg ein går saman og hjelper kvarandre.

Det var kring attenhundre og seksti åra at hamnene vart bygde, og för den tid var det uråd å ha større båtar enn det ein greide med å få på land - t.d. deksbåtar.

Båtane var tillaga både for segl og årar. Segladei hadde var fokka, storsegl - sprisegl -, toppsegl og klyver - stagssegl -. Til garnbåtar var to par årar framme og eit par atter, og til fiskebruk var desse båtane mest nytta med sildgarn om vinteren. Mannskapet på dei då var tri sumtid fira mann, og som regel hadde dei alle part i bruket, om ikkje meir enn nokre sildgarn.

Var det stilt eller flau vind, sat to eller tri mann framme i båten og rodde, ein med paret, dei to andre med kvar si år og alltid var det ein mann atter som styrde. Denne mannen brukte og ei år som han skuta framlegges med attåt.

Båtar som var noko større enn desse - pålag tretti fot var brukte til landnotfiske om vinteren og drivgarnsfiske etter makrel om sumaren. Til landnotfiske var dei tillaga med tri par årar framme, og her sat då ein mann med kvar si år og rodde og ein mann atter som styrde. Fullt båtmannskap på dette fiske var sju mann.

Båtane var og tillaga for segl, men segl vart det ikkje brukt på dei medan fiske gjekk före seg heime, distansane var små dei trengtest ikkje, det var når ein "reiste av" på fiske - det vil segja: Reiste andre stader for å fiska, då rigga ein dei til med segl.

Same båtane var og brukte til drivgarnsfiske etter makrel om sumaren. Då vart dei tillaga med full seglföring og vanleg mannskap var tri mann. Utstyrd med mannskapslugar framme, var dei no lite hövelege å driva fram med årar, det vart åleine segla å setja lit til.

Den vanlege mengd makrelgarn til kvar båt var femti/ seksti garn. Desse vart og vert bundne saman i ei lengd "ein lenk", som ein ikkje berre av praktisk men turvande grunn set i sjöen unda vinden, og når ein då skal ha garna innatt, vert det ein må dra båten i motvind. Dette kunne jamt verta ein strid törn for tri mann, serleg då ver og vind auka på, no er det motoren som driv båten ~~xxxx~~ og mannskapet dreg garna inn etter kvart som båten kjem fram. Dette gjeld makrelgarn, sildgarn og ymse andre fiskereidskap, nyttar ein motordrivne garnspel - vinschar å dra reidskapa inn med. Makrelgarna er so veikvorne ein må handsama dei med varsem.

Desse notbåtane var tunge og lite höveleg når det ein skulde ha dei ut og på land att. Umframt fering då var det helst garnbåtane dei mest brukte. Skulde ein i byferd eller til kvernar med korn, då var det desse. Båtane var små, og tungt lasta med korn, vart det jamt stride og slitsame ferder.

No er det ikkje berre <sup>det</sup> ein har større båtar å lasta i, ein har og motor som gjer ferda både lettare og mindre sytesam, og attåt det kunna segja kva tid ein kjem attende då ein legg ut i ferd.

Det tok ikkje dei gamle noko long tid å få ei röynsle av at dei tok i misst~~tt~~ då fyrste motorane vart tekne i bruk og dömde det ulönsam åtferd, eller rettare ei speleg åtferd og ulönsam drift. No ser ein det nett ~~xxxxxx~~ omvent og som den skire karikatur om ein fann på å driva fiske utan motor i båten.

Truleg var det kring attenhundre og sjuti/åtti åra dei fyrste deksbåtane vart tekne i bruk her. Den fyrste meiner ein var ei stor sköyta - etter den tid å vera - som lasta firahundre tönner sild under dekk. Sköyta hadde namnet Lyna og var brukt til å föra og salta sild på.

Noko seinare - kring åtti nitti ára vart her fleire skøyter. Det var klinkerbygde listaskøyter som i storleik ikkje lasta meir enn pålag halvtanna hundre hl. laus sild i rommet. Eit stort framsteg vart det i dette, for sjölv om sköytene ikkje var so store, so var då ~~xxx~~ ein båt med dekk både tryggar og romselegare enn ein open båt. I dei var det og høve å laga seg mannskapsrom under dekk, og som det vanleg var å ha atter inn-til at motorane kom, då måtte mannskapsromet flyttast framme i båten.

Etter kvart som sköytene auka i tal, vart småbåtarane mindre brukt, men sköytene var tunge når det galdt makreldrivinga, difor måtte manskapet aukast til fira mann på dei styrste sköytene. Dette vart noko som håttast då mannsparten skulde delast på fira, difor var det sume som laga mastera so ho kunne leggjast ned då garna var set, med det vart sköyta lettare å dragefram mot vinden og tri mann på ein måte greide det.

Å leggja mastera ned og oppatt, sette krav til godt sjömannskap. Det var ikkje so likatil sjölv om ein hadde god talje. Med seilføring som det då var, var mastera stor og i slingring <sup>måtte ho</sup> stødast vel med vanta <sup>både</sup> når ho <sup>skulde</sup> opp og ned.

Det var vanleg tradisjon för, når nokon fekk seg båt var det uvedkomande som gav båten namn. Fekk ein <sup>seg båt</sup> som var trulova eller hadde fast fylgje med ei gjenta, ~~xxx kxx~~ var ein mest viss om at båten fekk same namn som gjenta hadde. Vidare var det og namn som: Todne (tann), Bøstampen, Lysegruten, Trodlabergs-Knut, Torvmyre, Aleværen, Verdens-Gang, Amtshesten, Lægen o.s.b.

I 1894 eller 1895 vart det frå England kjøpt tri seilsluppar. Den eine var Palander og var sjutifem registerton, den andre Utsira tretiseks registerton og Nordsjöen tretito registerton. Desse båtane hadde ~~xxx~~ i England vore brukte til silddrivfiske i Nordsjöen og var dei fram til den tid dei styrste som var innkjøpt her. Her var båtane kjøpt til å driva makreldörging med på nordsjöbankane, eit fiske som i den tid var serleg aktuellt men tok slutt fyrste verdskrig.

Etter nokre fåe år vart både "Palander" og "Utsira" selde, medan "Nordsjöen" vart her til fram i motortida og fekk set inn motor. Straks för siste krig vart so den seld til Espevær, same båten som Sjetlands Larsen fortel om vart stolen og segla over til England i krigsåra og

4

seinare sokk ned ein stad på norskekysten.

Fram til pålag 1910/11 var det vanleg å draga all fiskeredskap inn med handmakt. I den tida pålag var det at motorane vart tekne i bruk, men til å byrja med var dei berre til å driva båten fram med attåt segl og årar. Var båtane store og tunge, brukte ein handspel til å dra redskapa inn med, elles var det berre hendene. Etter kvart kom det då motordrivne spel og rullar som med mekaniske krefter ~~kax~~ sidan den tid har spard menneskja frå mykje slit.

Dei fyrste motorane ein fekk var ikkje av so monge hestekreftene, men etter måten små jamført dei ein no har. Det var då ikkje berre kostnadene ein såg seg lite för med, men like mykje at ein vanta röynle i kor monge hestekrefter som måtte til, eller kor mykje ein båt byggd for segl kunne tole av dei. No er det so at båtane vert spesialbyggd for motor, og dernest har ein meir röynsle i bruksmåte og kva krefter som må til.

I fyrstninga var det ikkje alle som torde prøva seg med å driva motoren, men etter kvart kom no det seg og. No ser det mest slik ut at ein unggut veit like mykje kanskje meir om motordrift enn det ein eldre mann gjer som har drive med motor i lange tider. Det er mest som det var sagt av ein eldre mann ikkje so lenge sidan: Gutane no er född med kjenskap til motordrift.

Smågutane er ikkje so monge år för dei vert med i fiskebåten. Det fyrste dei får prøva seg med er det ein kalla småfiske - dorga frammed land og setja hummar-teiner. I dei store sesongfiske vert dei sjeldan med för dei er ferdig i folkeskulen. Når det gjeld oppløring i yrke, då går det ikkje etter nokon fast plan, i heile si oppvekst vert ein innlevd i det, slik at ein ved mogen alder er fullröynd fiskar. Medan ein er ung tek ein lettare etter og meir ihuga for det som vert sagt mann imillom.

Ordlaget skårung på ein gut som driv fiske for fyrste gong, er ikkje brukt her.

Delingsmåten i gamle dagar var: ~~fyrst trektes~~ Landnotfiske: landsloten frå med tri prosent, deretter deltes det so i to, den eine parten til mannskap den andre til redskap - not med båt -. Var det leigd losement, gjekk dette få för det vart delt i to. Sildfiske med garn vart delt på same måten, der svara ein ikkje landslot men det var vanleg å ha losementfarty og til dette vart det fyrst

trekt ein part som laget på førehand var samd om, og deretter delt i to, halvt på gån med båt - småbåt - og halvt på mannskap. Etter det vart motordrift, gjer ein ikkje bruk av småbåt. Motorbåten er innreid til losement og fiske drivest beinveges med same båten. Før det vart motor var losementparten ein åttendepart eler niendepart, med motor auka det til sjettem eller femtepart, men då fekk ein og driftsutlegg i olje og er det aller fyrste som trekkes frå.

På same måten er det og med makrelfiske, einast er at til det fiske vert det leigd turkestad til garna. Det vanlege var ti kroner i grunnleiga der ein byggde turka - galge - for ein sesong. Hummarfiske er det mest vanleg at to mann driv i lag på vanleg færing. Delingsmåten er å dela på to, anten det berre er den eine i laget som eig både båt og teiner, eller dei eig det i lag, det vert delt i to korso. Uvilkårleg må ein minnst to smågutar som i lag fiska tri humrar. Gutane var frå kvar sin heim og fangsten vilde dei dela og ta med seg heim, men korleis dei skulde dela tri humrar på to var vanskeleg for dei å skyna. Dei kjende til bodet om å dela broderleg og vart det ikkje anna for dei å gjera, dei kasta likegodt ein av humrane på sjöen, slik at det vart ein på kvar av dei.

Delingsmåtane som er nemnde framom, er som dei var i eldre tid og fram til siste verdskrig. Korleis dei er no etter krigen er ein lite orientert om. Truleg er det andre delingsmåtar no.

Av dei ymse båttypar har Hardangerbåtane vore dei mest brukte.

I året nittenhundre vart her kjøpt ei skøyta som var byggd i Varaldsøy Hardanger. Skøyta var førtifem registerton og kjøpt til å driva makreldorging med i Nordsjøen. I same skøyta vart dei i nittenhundre og fem sett inn ein 16 hk. Alfamotor, og ein meiner at dette var fyrste motorbåten på Utsira. Namnet på båten var Brødrene og eigarar var brødrene Valnum, Tomas, Johan-Kristian, Sivert og Hersleb Helgesen. Deira far Johan Helgesen og hans bröder Tollev, Hans Matias, Bertel og Sjur Helgesen var det som hadde skøyta Lyna den fyrste deksbåten her, som ein meiner var kring attenhundre og sjuiti/åtti ára - sjå framom.

Vinteren nittenhundre og seks vart Brødrene -

6

rusta ut med snurpenot, nermast for å prøva denne måten å fanga sild på. Med tåleg bra resultat var det tidligare prøvd ved Island og soleis av interesse om det ~~xxx~~ ~~xxxx~~ på same måten lot seg gjera å fanga silda her på norskekysten. Snurpenota var kjøpt i Amerika, det var ingen i Norge som laga dei då endå. Utstyret med not, motor i båten o.a.,kosta titusend kroner, men resultatet vart ringt. Snurpenota synte seg dugeleg, men det var motoren som var alt forliten, serleg når det ein skulde berga - håva silda or nota over i båten.

Den vinteren - altso i 1906 var det åtta eller ti båtar som var ute på norskekysten for å prøva kva snurpenota dugde til. I Norge var dette fyrste gong redskapet var teke i bruk, og motorskøyta Brødrene som eigdes av brødrene Helgesen i Utsira den fyrste båt som håva inn sild med snurpehåv. Den fyrste fangsten vart teken i Fiskholmsundet i Nordvågen, Utsira.

Etter fira års drift som jamt over gav lite att med dette utstyret, motoren var forliten til dette fiske og leigde ein dampbåtar for seinare drift.

Feilen var at motoren skulde vore av større krefter, for no drivst det jo alt med motor. Som sagt før, ein var til å byrja med ikkje klår over kva krefter som måtte til for å nå det mål ein hadde sett seg.

I året 1907 vart det sett motor i to landnotbåtar. Motorane var på fira hk. kvar og elles lite tess i drift. Dei var laga til av to danskar som i den tida sette seg til med motorverkstad i Haugesund. Motornamnet var Aktiv, men det var truleg meint som ei diskvalifisering, når han til vanleg vart kalla Krölle.

Til å byrja med var dei nok i fleirtal som meinte å sjå at motor til fiskebruk var ulønsamt og overdrive stort - narreskap, stormannsgålskap var det sagt. Ein minnest noko sagt av ein fiskar her, som samann med fleire fiskarar stod og såg på den fyrste båten som brukte motor i makrelfiske og gjekk ut for å driva. Det var dårleg ver, slik at dei som ikkje hadde motor låg inne verfast. Ja, ja meinte fiskaren, la han gå, det løner seg no ikkje stort for han likevel om han får seg eit godt makrelmål, det <sup>vert</sup> ikkje meir enn det motoren krev og går opp i røyk likevel.

Det bruka å vera mykje slik når det er noko nytt - noko uprövd, men når ein fyrst har fått ei tilpassing i det, tek det jamnast ikkje long tid för ein ser det som noko ein trong og må til.

Motoren har ikkje berre gjort fiskaryrke lettare, han har og gjort fiskarane meir för i å prøva nye fangst- måtar - nye metodar, som ein utan motor ikkje kunne tenkt seg. Å driva fiske no utan motor, vil ein sjå som ei rangvis åtferd - den skire ~~XXXXXXXXXX~~ meiningslöysa.

Tilreisande motoragentar har det fram gjenom tida vore lite av. Det var nok på grunnlag av det ein fekk sjå og höyra om motorane, at ein vende seg beinveges til forhandlarane, og kjøpte eller kjøper ein, har det vore og er med banklån. Det er so, det har ikkje alltid vore lett å skaffa trygd fullgod for bankane, den mest framkomelege ved har vore med pant i fast eigedom. No er dette vorte lettare med det <sup>de</sup> heradet garanterar for lå<sup>m</sup> i fiskarbanken.

Til å byrja med var motorane helst meint som ei hjelp attåt seglföring. No er dette omvendt, segl er lite helst ikkje brukt, difor er det og fåe av dei som no veks opp, som er för til å bruka segl, noko ~~som~~ dei gamle synte ei bragd i <sup>som</sup> det stod vyrdnad av.

Ser ein det jamt over, er det inga missnögja med motordtift - tvert om, einast at motoren vert forliten og skiftest om til större.

At motorane skræmer silda er ein fullt merksam på at dei gjer, men ein kan likevel ikkje <sup>vera</sup> dei forutan, ein får heller passa seg når det står om det.

Mannskapa har auka i tal etter ein fekk motorane - serleg når det gjeld vintersildfiske. Med motor har tekniken auka slik på at det krevst meir enn för, og for å nå det, må ein vera fullskuvande godt mannskap. Mest alt fiske er avmålt på tid - sesongar, det gjeld om å driva seg medan det varer.

Skal det nemnast nokon serskild person når det gjeld fiskaryrke, måtte det vera Hersleb Helgesen sen. og som nettopp har fyllt sjuti år. Han er född og vakse opp her og havt fiske som einaste yrke.

Som ein vil sjå framom, var han ikkje gamal kar vinteren 1906 då han gjorde tiltaket i å prøva fangst- måten med snurpenot. Kontinuerleg dreiv han dette fiske som notbas, til han for nokre fåe sidan slutta av med det, men driv framleis på med anna fiske.

Han har alltid vore vaken for det som var nytt, og har sjölv funne på ting som var uröynd og måtte prøv-ast. Djerv, energisk og usliteleg har han vore i å halda ut, men varde seg vel i noko på slump, velröynd i si utrekning gjekk det han jamnast som han föreåt hadde tenkt seg det, og i monge år gjekk det ord om han som storfiskaren.

For det ein veit har han inga fortienstmedalje fått, men det er truleg monge som får detog har gjort seg mindre fortent til det enn han.